



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
05.02.2018	11257/2018	Inger Lise Trønningdal

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fagskolestyret i Møre og Romsdal	15.02.2018

## **Handlingsplan for å følgje opp konklusjonane og anbefalingane i Forvaltningsrapport FR4/2017 "Ressursstyring av lærarar og bruken av overtid i Fagskolen»**

### **Bakgrunn**

Fylkesutdanningssjefen viser til fylkestingsak T-56/17 Forvaltningsrapport FR 4/2017 «Ressursstyring av lærarar og bruken av overtid i Fagskolen».

Fylkestinget vedtok følgjande i saka:

1. Fylkestinget tar rapporten «Ressursstyring av lærarar og bruken av overtid i Fagskolen» til etterretning.
2. Fylkestinget ser alvorleg på det revisjonsrapporten avdekker og ber om at Fagskolestyret utarbeider ein prioritert handlingsplan som viser kva tiltak som skal bli sett i verk for å følgje opp konklusjonane og anbefalingane i rapporten» Ressursstyring av lærarar og bruken av overtid i Fagskolen».

### **Samandrag av rapporten:**

Rapporten er utført av Møre og Romsdal Revisjon IKS etter vedtak KO 28/17 i kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune, og rapporten fokuserer på to problemstillingar.

1. Har Møre og Romsdal fylkeskommune system på overordna nivå for ressursstyring av fagskolane?
2. Har fagskolane gode system for ressursstyring og bruk av overtid?
  - a) Kartlegge bruken av overtid
  - b) Kartlegge bakgrunn for overtid
  - c) Samanlikne bruken av overtid med andre fagskolar

### Funn og vurderingar i rapporten

#### Budsjettstyring:

Det er vedtatt (i 2008) at drifta ved fagskolane skal tilpassast dei statlege rammeoverføringane. Dette har til no ikkje lukkast, og fagskolane vart i 2016 tilført om lag 9,077 mill. kroner ut over dei statlege midlane.

Alle informantar seier at fagskolane sine budsjett ikkje er realistiske fordi om lag 93% av budsjettet går til lønn, noko informantane meiner det er lite dei kan gjøre for å redusere slik drifta er i dag. Fylkesrådmannen har ved fleire høve peika på at dei statlege overføringane ikkje strekk til for å få balanse i drifta med den struktur og kapasitet ein har i dag.

Revisjon kan heller ikkje sjå at det føreligg forslag til tiltak i tertialrapportane i høve å sikre balanse i gjeldande årsbudsjett for fagskolane, og rapporten viser at det ikkje vert vedteke realistiske budsjett for fagskolane, eller vert gjennomført tiltak for å rette på dette.

Rapporten stiller og spørsmål om skoleeigar ved fylkestinget har gitt tydlege nok styringssignal til fagskolestyret i høve tilpassing av drift og tenester til tildelt budsjetttramme.

#### Bruken av overtid:

Det har vore ein stor auke i overtidsutbetaling ved fagskolane i perioden 2013 – 2015, utbetalingane har minka noko i 2016. Over 94% av utbetalt overtid gjeld Fagskolen i Ålesund. Gjennomgang av lønnsutbetalingane viser at 13 lærarar har variabel lønn inkludert overtid på meir enn kr.75 000 i 2016, 2 i Kristiansund, 11 i Ålesund. Rapporten viser og kva høve som ligg bak bruken av overtid ved skolane, og peiker mellom anna på konsekvensar av seniortiltak ved Fagskolen i Ålesund.

Revisjon har sendt førespurnad til alle fagskolane i Sogn og Fjordane og Trøndelagsfylka om bruken av overtid, to skolar har svart, ingen av desse har overtidsutbetalingar over kr.75 000 i rekneskapet for 2016.

#### Revisor sine anbefalingar

Det bør utarbeidast realistiske budsjett ved enten å endre ramma eller endre drifta og tenestetilbodet ved fagskolane.

Vurdere om styringssignal mellom skoleeigar og fagskolestyret er gode nok.

Nærare presisering av overtid etter SFS 2213 viser til at redusert undervisning på grunn av livsfasetiltak ikkje skal fungere som forbetra innslagspunkt for overtidsgodtgjøring. Fullt uttak av livsfasetiltak og overtid bør ikkje kombinerast.

#### **Vurdering**

##### Kva har vi gjort hittil

Personalavdelinga i fylkeskommunen har etter at desse funna vart kjent stoppa utbetaling av overtidstillegget for tilsette med seniortiltak ved Fagskolen i Ålesund inntil naudsynt dokumentasjon ligg føre.

##### Korleis arbeider fylkesutdanningssjefen vidare med tiltak og handlingsplan

Når det gjeld system for ressursstyring og bruk av overtid, manglar Møre og Romsdal fylkeskommune eit system som gjer at skoleadministratorar og timeplanleggjarar kan sjå ein direkte samanheng mellom lærarane si planlagde undervisningstid og den «resten» som står att for å fylle stillingane før ein kan ta på seg timer utan at dette utløyer overtid. Dette er ei utførdring for å kunne ressursstyre best mogleg. Når Visma in School (VIS) vert teke i bruk hausten 2019 vil dette være kompatible system. Dette administrative systemet skal alle landet sine fylkeskommunar ta i bruk.

Mange av dei vidaregåande skolane våre har utarbeid gode system for å ha kontroll og optimalisere ressursstyringa av lærarårsverka sine, og fylkesutdanningssjefen legg no til rette for erfaringsdeling på dette området. Det vil gje dei skolane som har utfordringar betre moglegheit til å få oversikt over feltet.

I dei vidaregåande skolane har ein dei siste åra teke i bruk verktøy til systematisk gjennomgang av skolane sitt arbeid. Dette dannar grunnlaget for kvalitetsplana som igjen utløyer skolen si handlingsplan og oppdragsavtale.

Fylkesutdanningssjefen har i så måte gode arenaer for samhandling og verktøy til utvikling, styring og kontroll som brukas aktivt saman med den einskilde skole.

Det er dette året innført enda eit møtepunkt mellom skole og utdanningsavdelinga der ein vil nytte høvet til å reise problemstillinga. I tillegg vil ein ha ein

gjennomgang av rapporten og vedtaket i fylkestinget på neste rektormøte i februar 2018. Dette møtet er ein utviklingsarena for etablering av felles praksis på området, og fylkesutdanningssjefen vil sette i verk tiltak og kontroll på området, samt følgje dette opp i formell leiardialog med skolane sine leiargrupper i perioden april/mai 2018.

Fylkesutdanningssjefen vil og, gjennom sin økonomistab, sjå dette spesifikt i samband med kvartalsvis rapportering frå skolane.

Når det gjeld endring av ramma for og/eller drifta ved fagskolane er dette noko som skoleeigar må vurdere nærmare. Det er allereie vedtatt eit OU-prosjekt for Fagskolen i Møre og Romsdal for å sjå på desse spørsmåla. Ein må sjå kva funn denne gjennomgangen vil vise før ein kan kome med forslag til tiltak på dette.

**Forslag til vedtak:**

Fagskolestyret tek saka til orientering.

Fagskolestyret ber om at administrasjonen orienterer styret jamleg om utviklinga.

Erik Brekken  
fylkesutdanningssjef

Inger Lise Trønningdal  
rådgivar

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjonsrapporten
- 2 Om skoledrift og overtidsbruk ved fagskolen i Ålesund
- 3 Overtid anonymisert